

## **Utkast til konsesjonsvilkår for Høyanger helikopterplass, Norddalsvatnet**

### *1 Konsesjonshavaren sitt ansvar*

Statkraft Energi AS (org 987059729) er konsesjonshavar og ansvarleg for å driva og inneha landingsplassen i samsvar med konsesjonsvedtaket og de tilhøyrande konsesjonsvilkåra.

Konsesjonshavaren er ansvarleg for at konsesjonsvilkåra vert gjort tilgjengelege for brukarar av landingsplassen.

### *2 Bruk av landingsplassen*

Landingsplassen er til privat bruk, og kan berre verta brukt etter løyve frå konsesjonshavaren. Forsvars-, politi og luftambulanseoppdrag er likevel tillate, og kan bli føretatt utan løyve frå konsesjonshavaren.

Konsesjonen gjeld for perioden 15. mai 2022 til 31. oktober 2024, og for eit samla trafikkomfang på maksimalt 12.000 flyrørsler. Konsesjonshavaren skal føra logg over talet på flyrørsler, der dato og tidspunkt for flygingane går fram. Luftfartsstyresmaktene kan bestemma at konsesjonshavaren skal senda inn trafikkdata for landingsplassen.

Landingsplassen kan verta brukt alle dagar mellom kl. 0700 og kl. 2300, med mindre det vert fastsett operative restriksjonar gjennom teknisk og operativ godkjenning etter luftfartsloven § 7-11.

Landingsplassen skal berre bli nytta i samband med rehabiliteringsarbeid på damanlegg.

### *3 Varslingsplikt*

Konsesjonshavaren skal varsle luftfartsstyresmaktene om fysiske eller juridiske endringar knytt til landingsplassen dersom endringa er av ein slik karakter at ho kan ha tyding for vurderinga av vilkåret allmenne omsyn, jf. luftfartslova § 7-6 første ledd. Det same gjeld for større endringar i bruk av landingsplassen. Varslinga må skje i god tid før endringa finn stad slik at luftfartsstyresmaktene kan ta stilling til om endringa føreset endra konsesjon.

### *4 Dispensasjon*

Når særlege grunnar tilseier det, kan luftfartsstyresmaktene dispensera frå konsesjonsvilkåra.

### *Endring, tilbakekall og gebyr*

Luftfartsstyresmaktene kan endra konsesjonsvilkåra i konsesjonsperioden.

Konsesjonen kan verta tilbakekalla dersom konsesjonsvilkår, lovføresegner eller forskrifter som gjeld for konsesjonshavaren si verksemd, på vesentleg måte blir brotne under utøving av verksemda.

Luffartsmyndigheten kan gi pålegg om gebyr for brot på forskrift til den som driv eller innehar landingsplassen i strid med konsesjonsvilkåra.

**Luffartstilsynet**

UTKAST